

# Høyringsuttale frå Sogn og Fjordane folkemusikklag



i høve høyring om Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023–2035,  
Vestland fylkeskommune.

## Oppsummert:

**Vi saknar ei konkretisering av bindande tiltak på spesifikke interessefelt som til dømes folkemusikk, -song og -dans.**

Planen er omfattande, velskrive og skildrar godt verkelegheita og behova i kulturlivet, men vi er litt undrande til er om dette berre er eit bør dokument, og ikkje eit skal dokument. Vi kan stille spørsmålet «kva og korleis?» mange plassar i dokumentet. Vi meiner planen må vere klart bindande for både Vestland fylkeskommune og den enkelte kommune og for desse sitt samarbeid med det frivillege kulturlivet. Økonomi vil fort bli den store bøygen for å få gjennomført intensjonane i planen.

For på ein måte står folkemusikk sterkt i Norge. Folkemusikken,-songen og -dansen har si eiga Riksscene, Musikkhøgskolen si eiga folkemusikkutdanning og vi har Rådet for folkemusikk og folkedans. Problemet er berre at folkemusikken har flytta seg fra vanlege folk og blitt ein slags elitemusikk, som jazz. Folkedansen har fått semre fokus og meir eller mindre forsvunne frå lokalmiljøa. Av ulike årsaker slår ikkje folkedansen rot i grunnskulen, med nokre unntak av i sterke folkemusikkområde som Hallingdal, Telemark og Trøndelag. Vestlandsfolkedansarane glimra med sitt fråvær i C-klassen på Landskappleiken i år slik det også har vore dei siste åra.

Før var det dans og musikk i meir eller mindre alle grendehus rundt om omtrent kvar helg, der lokale grupper spelte, og på den måten vart musikken og dansen i vareteke. Dette blei det dessverre slutt på rundt 70/80 talet eingong. Der var også aktive ungdomslag fleire stader som dreiv med kurs og opplæring, spesielt innafor folkedansen. Noregs ungdomslag hadde tilsette som reiste rundt i ungdomslaga og heldt kurs. Dette eksisterer heller ikkje lenger. Tilbodet har dermed tørka bort. Når lokalradioen vår heller ikkje verken nemner resultat frå kappleikar, og omtrent ikkje spelar folkemusikk på radioen, ja, då er det ikkje enkelt å promotere folkemusikken og –dansen i våre dagar.

Uansett skuld meiner vi at barn og ungdom treng å vere trygge på sine eigne folkedansar, si eiga rytme. Norge har eigne folkedansar og folkemusikk som latinamerikanarane har sin salsa og tango og balkanfolket sine ringdansar. Den norske folkedansen må komme attende frå det imaginære folkedansmuseet og bli ein viktig del av den norske kulturen og rytmen. Det er mykje lettare å leve saman med andre folkegrupper dersom folk er trygge på eigen kulturarv. Vi har eit solid rekrutteringsarbeid framfor oss.

Sogn og Fjordane folkemusikklag ynskjer med dette at folkemusikken, -songen og –dansen må få eit eige avsnitt i Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023–2035 – aktør og fagplan.

## **Framlegg til nytt avsnitt i aktør og fagplan: Folkemusikk, -song og -dans.**

Vestland skal ha eit rikt og variert musikkliv. Kor, korps, spel- og dansarlag, kulturskular, sjangerspesifikke grupper og enkeltutøvarar skal utgjere mangfald i folkemusikk- og -danslivet i fylket.

Fylkeskommunen og kommunane skal støtte arbeidet på ulike måtar, gjennom ordningar, tilskot, samarbeid og med gode tilbod i kulturskulen.

Skulen skal satse på god, kvalifisert folkedanseundervisning på alle skular og trinn. Det er her ein legg til rette grunnlaget for interessa seinare i livet i tillegg til at aktiviteten er god trim.

Fylket treng ei folkedansutdanning, og danseutdanninga treng folkedansarane. Alle kulturar har sine dansar og sin rytme.

Den norske folkedansen skal vere ein viktig del av den norske kulturen og rytmen.

Distriktsmusikarordninga er fylkeskommunen si musikarordning som også skal rette seg mot folkemusikk-song og folkedans. Dei skal ha samarbeid med spelemannslag og andre frivillige, og med profesjonelle aktørar som for eksempel Førde internasjonale folkemusikkfestival.

Distriktsmusikarane skal òg drive opplæring gjennom kulturskulane. Dagens unge spelemenn og -kvinner frå fylket vil vere målgruppe for distriktsmusikarane.

Distriktsmusikarordninga skal utvidast og utviklast. Opplæring er eit viktig satsingsområde for fylkeskommunen. Gjennom støtta til distriktsmusikarordninga er fylkeskommunen med på å leggje til rette for at barn og unge skal få ei opplæring innan folkemusikk, folkesong og folkedans med høg kvalitet.

Vi ynskjer at distriktsmusikarordninga og kulturskulen har eigne stillingar med tilsette i fagområdet folkedans.

Vestland skal stå sterkt når det gjeld bruk av distriktsmusikarordninga innan folkemusikk, song, folkedans, kor og korps. Satsing på nynorsk er også noko som gjeld musikkfeltet.

I Den kulturelle skulesekken vert det produsert konsertar som brukar nynorsk språk eller dialekt. Den vidare satsinga inkluderer også forprosjekt og kurs for elevar i grunnskulen som skal stimulere til skriving av eigne tekstar og anna aktivitet.

Festivalar er ein stor og viktig del av kulturfeltet. Dei genererer vesentlege kulturelle og økonomiske verdiar, og er ein viktig del av opplevingsnæringane i fylket.

Festivalane samlar lokalsamfunna om eit felles løft, og er ein arena der ein kan oppleve kjende og ukjende aktørar på høgt kvalitativt nivå.

Fylkeskommunen har eit kulturpolitisk ansvar for å støtte festivalane fagleg og økonomisk, utfordre festivalane til å bidra i offentleg planlegging og utvikling og å formidle informasjon

og kontakt mellom forvaltningsnivåa. Det er eit mål at det skal vere eit variert tilbod av festivalar i fylket.

### **I Vestland vil vi:**

- Utvikle samarbeidet mellom kulturskulane og det frivillige musikklivet.
- Framheve folkemusikken,-songen og -dansen sin plass i kulturlivet, og sikre at folkemusikkarstillingar vert integrerte i ei ytterlegare utvida distriktsmusikarordning,
- Legge til rette for at grunnskulen kan satse på god, kvalifisert danseundervisning på alle skular og trinn.
- Distriktsmusikarordninga og kulturskulen i Vestland fylke skal og ha eigne stillingar med tilsette i fagområdet folkedans.
- Legge til rette for jamlege besøk av større profesjonelle orkester og utøvarar.
- Arbeide for at fleire profesjonelle musikarar og dansarar etablerer seg i fylket.
- Stimulere til nynorske tekstar i fleire musikkjangrar.
- Sikre gode rammevilkår for eit variert festivaltilbod i fylket.
- Få etablert regionale og kommunale tilskotsordningar for skaparar og utøvarar av folkemusikk, song, dans, arrangement og festivalar.
- Utvikle samarbeidet mellom kulturskulane, skulane og dei fylkesdekkande opplæringstilboda innan folkemusikk, song og dans.
- Arbeide for at dei fylkesdekkande tilboda innan folkemusikk , song og dans i vidaregåande opplæring vert styrkte i Vestland fylke.

### **Som avslutning på Handlingsprogram 2023-2026 (del 3) står følgjande:**

«Som eit supplement til dette handlingsprogrammet vil det i 2023 bli arbeida ut relevante strategiar og tiltak innan dei enkelte fagområda. Desse skal ein utarbeide saman med aktørane i dei ulike fagfelta.»

**Sogn og Fjordane folkemusikklag vil med dette gjerne delta i dette arbeidet for å få fokus på og tyngde i folkemusikken, -songen og -dansen.**

Vennleg helsing

Styret i Sogn og Fjordane folkemusikklag